

HEI!

AKTUELT

MEDLEMSKAP I NORSK LANDBRUKSSAMVIRKE

Norske Landbrukstenester har blitt medlem i Norsk Landbrukssamvirke. Styret i NLT legger vekt på at vi er ein viktig del av landbruksfamilien og verdset Norsk Landbrukssamvirke sitt arbeid på vegne av heile landbruksfelleskapet.

Medlemsskap gjer oss tilgang til nasjonale og regionale møteplassar og kurstilbod.

Norsk Landbrukssamvirke har strategiske mål innan fylgjande fire prioriterte strategiområder:

1. Rammebetingelser
2. Omdømme
3. Føretaksform
4. Kompetanseutvikling for eigartillitsvalgte.

Norsk Landbrukssamvirke er en interesseorganisasjon for bondeeigde samvirkebedrifter i landbruket. Jobben er å legge til rette for at samvirkebedriftene kan fortsette med sitt viktige arbeid for den norske forbrukaren, industri og samfunnsliv. Les meir på <http://www.landbruk.no>, der kan du også melde deg på som mottakar av nyheitsbrev frå Norsk Landbrukssamvirke.

NYE MINSTELØNSATSAR

Jordbruks- og gartnerinæringane har nye minstelønssatsar frå 1.4.2017.

Frå 1. juni gjeld nye minstelønssatsar i alle næringane som har allmenngjorde tariffavtalar. Du kan lese meir om det [her](#).

AMBULERANDE VERKSEMD

ESA har avgjort at den norske tolkningen av reglane ved differensiert arbeidsgjevaravgift vil vera i tråd med EØS-avalen. Regjeringa vil sjå på saka i samband med statsbudsjettet for 2018. Dette kan du lese meir om [her](#).

ÅRSMELDINGA FOR 2016

NLT har vald å ikkje sende årsmeldinga ut til medlemslaga på papirformat. Du finn den [her](#) på heimesida vår. Dersom du ynskjer å få den tilsendt i papirformat, kan du ta kontakt med oss i administrasjonen, så sender vi den til deg.

AVLØYSARTILSKOTT 2017

Vi ventar fortsatt på elektroniske lister til å lese inn i programma våre for å få oversikt over avløysartilskottet for 2017. Vi vart lovd at desse skulle kome tidleg i juni og november etter at søknadsfrist var ute. Det kan sjå ut som om det er nokre innkøyringsproblem med ny ordning. For dei som er usikre på tilskotsgrunnlaget kan ein rekne det ut [her](#).

DIGITAL SJUKEMELDING

NAV er i full gong med digitalisering av sjukemelding og ønskjer at alle arbeidsgjevarar gjere seg kjent med løysinga. Informasjon finner du [her](#).

WEBTEMP

I forkant av vårsamlinga ytra mange av våre Webtemp brukarar ynskje om å tileigne seg vidare kunnskap i Webtemp. Det tok vi til etterretning og sette opp eit nytt kurs. Utfordringa

vi hadde var at våre brukarar hadde nytta Webtemp i dagleg bruk svært forskjellig. Nokon hadde nytta programvara i fleire år, medan andre hadde nytta den i nokre månader. Det vart vurderte korleis ein kunne løyse det med tanke på innhald og oppbygging av kurset. Vi valde at alle skulle få moglegheit til å delta på kurset uavhengig av erfaring, sidan det var fyrste gong kurset vart sett opp.

For at vi skulle kunne tilpasse kurset til kvar einskild sitt stadiet, sende vi ut ein e-post der vi bad om tilbakemelding på kva ein hadde behov for å tileigne seg meir kunnskap om.

Kursinnhaldet vart sett ut i frå tilbakemeldingar vi fekk frå brukarane. Kurset hadde 30 deltakarar. Evalueringa frå kurset viser at dei stort sett var nøgde med kurset. Men klart dei som hadde nytta Webtemp lengst, var ikkje dei som hadde størst utbytte.

Dersom du, styret og laget ditt er klare for å sette i gang med Webtemp, ta kontakt med anten Trude eller Frode i administrasjonen. Kontakt informasjon og telefonnummer finn du [her](#). Vi er klare for eit nytt kull med Webtemp på haustsamlinga! Kva ventar du på? Om du vil lese litt meir om korleis vi arbeider og korleis opplegget er, kan du lese om det [her](#).

ADMINISTRASJONSHANDBOKA/STICOS

Norske Landbrukstenester har teikna abonnement på Sticos - HMS handbok. Dette vil vere ein medlemsfordel og vil ikkje medføre ekstra kostnad for deg som er medlem i Norske Landbrukstenester. Handboka vil vera eit elektronisk system for HMS og internkontroll.

Administrasjonshandboka vår er integrert med HMS handboka frå Sticos, slik at handbøkene vert felles og samla på ein stad.

Det er sendt ut informasjon, brukarretteiing samt naudsynte opplysningar for innlogginga til alle dagleg leiarar. Dersom du ikkje har motteke denne e-posten ta kontakt med Trude Soma Augestad som er kontaktperson i Norske Landbrukstenester.

Opplæring vil skje i form av eit Webinar som Sticos har produsert. Denne linken med webinaret vil vere tilgjengeleg og aktiv for deg fram til utgangen august. Fordelen med webinaret er at ein kan sjå filmen på nytt ved behov. Frå september vil eit nytt og oppdatert Webinar bli lagt ut. Med webinaret når dei ut til alle samtidig. Filmen kan sjåast ved høve.

Nokon av våre medlemsorganisasjonar hadde allereie brukarnamn registrert på eige mail adresse hjå Sticos. Det vart ei utfordring då kunderådgeveren hjå Sticos skulle legge alle inn i databasen. Løysinga vart å gjere ei lita endring i brukarnamnet. Dei dette gjeld har fått ein eigen e-post vedrørende dette. Gjeld dette deg, må du hugse å endre e-postadressa når du har logga inn i Sticos, slik at du får tilsendt varsel e-post ved avvik i Sticos HMS hjul.

Skulle du ha behov for hjelp, kan du ta kontakt med Trude eller sende ein e-post til Sticos. E-postadressa er: post@sticos.no gje opp kunde nr. 133929. Du kan også trykke på namnet ditt på «din side» og trykk på «spør Sticos» du vil då få svar på dine spørsmål.

KURS/SAMLINGAR/MØTER

APRIL

4. **STYREMØTE I NHO MAT OG DRIKKE**
Styreleiar i Norske Landbrukstenester Harald Lie deltok.
19. **TARIFFKONFERANSE NHO MAT OG DRIKKE**
NHO Mat og Drikke og Sjømat Norge arrangerer kvart år tariffkonferanse i fellesskap.

Konferansen er et fora for informasjon om kva som røre seg innan tariffområdet og går igjennom strategi og andre tema som har innverknad på oppgjeret.

24-25. **STYREMØTE**

Dette var det 3. styremøtet i 2017. Arrangert på Thon Hotel Opera i Oslo. Eigentleg skulle styremøtet vore lokalisert i Rosendal. Men grunna generalforsamlinga til NHO Mat og Drikke, som vart arrangert i Oslo dagen etter, vart møtet flytta til Thon Hotel Opera. 7 saker vart handsama og du finn referatet på NLT si heimeside [her](#).

26. **GENERALFORSAMLING I NHO MAT OG DRIKKE**

Årets Generalforsamling i NHO Mat og drikke vart arrangert på Radisson Blue Scandinavia Hotel i Oslo. Frå Norske Landbrukstenester deltok styreleiar Harald Lie, dagleg leiar Frode Alfarnes, samt 1. vara til styret Linda Kristin Opedal. Erik Volden vart av generalforsamlinga vald til ny styreleiar. Han overtek rolla etter Egil Olsen som nestleiar rolla. I tillegg til val av styre- og nestleiar vart styremedlem Harald Lie attvald.

Etter at Generalforsamlinga var over, starta konferansen #Grønnfremtid17 som handla om dei store utfordringane verda står overfor når det gjelder matproduksjon, teknologi og berekraft. Det var henta inn store namn frå både inn og utland til å halda inspirerende føredrag. Meir om dette kan du lesa [her](#).

MAI

4. **SAMARBEIDSMØTE MED GABLER**

Frode Alfarnes og Tor Skeie Olsen frå administrasjonen deltok i møte med Gabler og Landbruksforsikring. Det var gjennomgang av skadestatestikk, forsikringsoversikt, gjennomgang av deltaking på vårsamling, samt planlegging av deltaking på haustsamling.

10. **SAMARBEIDS- OG DIALOGMØTE MED ARBEIDSTILSYNET**

Arbeidstilsynet har kalla inn ein del aktuelle partar i landbruket til eit samarbeids- og dialogmøte. Forutan NLT stilte det representantar frå faglaga, NLR, Norsk Gartnarforbund, Matmerk, Fellesforbundet og NHO Mat og Drikke. I sin strategiske plan har Arbeidstilsynet med anna beslutta å prioritere aktivitetar innan jordbruk og skogbruk i 2017 og ønsker å kome i kontakt med næringa for i fellesskap sjå kva vi kan gjere for å sikre at krav til HMS er følgt.

Fokusområde vil bli reduksjon i ulykker og dødsfall og å kjempe mot arbeidskriminalitet og sosial dumping.

23. **STYREMØTE NORSKE LANDBRUKSTENESTER**

I forkant av vårsamlinga vart styremøte nummer fire. Styret handsama ti saker. Når referat er klart finn de det på vår [heimeside](#).

23. 24. **VÅRSAMLING PÅ THON HOTEL OSLO AIRPORT**

96 deltakarar frå 44 lag deltok.

Før deltakarane fordelte seg utover på dei ulike kursa, hadde vi ei samling i plenum. Styreleiar Harald Lie ønska alle velkomen, før styremedlem Finn Egil Adolfsen hadde ein gjennomgang av den nye strategiplanen for 2018-2021 som er under arbeid og skal vera klar innan utgangen av året. Dagleg leiar, Frode Alfarnes, hadde og ein sekvens med diverse aktuell informasjon. Anne Brit Slettebø frå NHO Mat og Drikke hadde deretter ein presentasjon om Arbeidstilsynet og samarbeidet med dei før det var tid for kurs. I tillegg

hadde vi med oss ein del samarbeidspartnerar som fekk presentert seg. Dei hadde stand under heile samlinga og var tilgjengelege for deltakarane om dei hadde spørsmål.

I år hadde deltakarane 5 ulike kurs å velja mellom. «Ny strategiplan 2018-2021», «Dagleg leiar si rolle i organisasjonen», «Arbeidsrett i praksis», «Webtemp II» og «Kommunikasjon via digitale- og sosiale media». Ut frå tilbakemeldingane under kursdagane, var dette kurs som mange hadde godt utbytte av. Det faglege utbytte på slike samlingar er viktig, men det er og særns nyttig å treffe kollegaer frå andre medlemslag som ein kan utveksle erfaringar og idear med.

23. BROT I JORDBRUKSFORHANDLINGANE.

Då det vart kjend at det var brot i forhandlingane vart det frå styret i NLT bestemt at dei som hadde moglegheit, skulle reise frå vårsamlinga og ned til Oslo for å delta på opptog for norsk landbruk. Det vart eit flott opptog med mange gode appeller. Frå administrasjonen og styret i NLT deltok Romar Skeie Olsen, Bodil Mannsverk, Tor Inge Eidesen, Aud Fossøy, Linda Kristin Oppedal og Einar Åbergsjord.

24. HØYRING I NÆRINGSKOMITEEN OM JORDBRUKSOPPGJERET PÅ STORTINGET.

Harald Lie og Bodil Mannsverk representerte Norske Landbrukstenester på høyringa om jordbruksoppgjeret på Stortinget.

JUNI

1. ÅRSMØTE I SAMVIRKESENTERET.

Finn Egil representerer Norske Landbrukstenester på årsmøtet i Samvirkesenteret, der vi er medlem. Les meir [her](#).

13. GENERALFORSAMLING NHO

Styreleiar Harald Lie representerer NHO Mat og Drikker på NHO sin generalforsamling.

13-15. REPRESENTANTSKAPSMØTE OG ÅRSMØTE I NORGES BONDELAG.

Nestleiar Bodil Mannsverk deltok på representantskapsmøte og årsmøte i Norges Bondelag. Arrangementet var skipa i Sarpsborg 13. – 15. juni. Etter representantskapsmøtet byrja årsmøtet i Norges bondelag. Nestleiar Bodil Mannsverk og styremedlem Finn Egil Adolfsen representerte Norske Landbrukstenester, medan styreleiar Harald Lie møtte som representant for Vestfold Bondelag. I alt hadde arrangementet 300 utsendingar og gjester. Møtet starta med leiars tale etterfølgd av generaldebatt. Landbruks- og matminister Jon Georg Dale og Senterpartiets leiar Trygve Slagsvold Vedum gjesta årsmøtet. Meir om årsmøtet til Norges Bondelag, finn du [her](#).

24.-25. LANDBRUKSMESSA I BALSFIJORD

Styret er aktive på mange nivå. Også når det gjeld å delta på messer. Helga 24. til 25. juni vert den 20. Landbruksmessa i Balsfjord arrangert. Landbruk Nord som er ansvarlege for messa har inviterte Norske Landbrukstenester til å delta. Bodil Mannsverk og Finn Egil Adolfsen representerer organisasjonen. Messa har eit bredt og innhaldsrikt program. Det er eit stort spekter med dyr, maskiner og utstyr. [Ei messe for alle](#).

DIVERSE

STRATEGIPLAN 2018-2021

Norske Landbrukstenester er for tida i ein prosess med utarbeiding av ny strategiplan. Den nye strategiplanen skal gjelde for tidsrommet 2018-2021. Arbeidstittelen er

FRAMTID

Forstå-Realistisk-Aksept-Mål-Tidshorisont-Inkludere-Driv

Det vert arbeida etter ein 4-ledda modell der fyrste fase er innspelfasen. Vi ønsker at flest mogleg, helst alle medlemmer, dei sjølvstendig juridiske eining, skal komme med innspel til kva ein meiner NLT skal, bør og må. I mai sendte vi ut ei spørjeundersøking der ca. 1/3 av medlemsbedriftene svara. På vårsamlinga var det et kurs der strategiplanarbeid var tema. Framleis er det moglegheit til å kome med innspel i denne fasen.

Tidleg på hausten vil vi gå over i en fase som systematiserer innspela og trekker ut hovudpunkta. Ut frå dette skal vi danne eit slutningsgrunnlag. På haustsamlinga er det tenkt at en skal være i skjeringspunktet mellom dei to fasane.

Siste fase er å vedta en ny strategiplan, og det formelle vedtaket vil bli på årsmøtet som vert heldt i 2018.

Ønskemålet er at vi klarer å få til ein strategiplan som vi alle kan einast om, slik at vi i fellesskap kan gjere ein best mogleg jobb for landbruksnæringa. Nokon oppgåver vil kunne gjerast sentralt, men mykje av jobben må også gjerast lokalt. Merkevara NLT er ikkje administrasjonen i Rosendal, eller styret i foreininga.

NLT er oss alle saman!

Landbrukstenester og avløysarlag i heile vårt langstrakte land

ÅRETS AVLØYSAR 2017

Alle medlemslaga i Norske Landbrukstenester kan fremje kandidatar til Årets Avløysar frå sine tilsette avløysarar. Nominering, med grunngjeving, må skje til NLT innan 1. august.

Nytt av året er at nomineringa skjer på eige elektronisk skjema. [Skjemaet finn de på denne lenken.](#) For å hindre spam så er skjemaet passordbeskytta med passord; dokNLT.

Vi håpar dette forenklar måten å melde inn gode kandidatar til Årets Avløysar. Ta kontakt om noko er uklart.

KVA SKJER FRAMOVER?

FERIEAVVIKLING I ADMINISTRASJONEN

Som alle andre, ser vi i administrasjonen fram til sommer, forhåpentligvis litt sol og ferie! Slik ser ferieplanen for administrasjonen ut i år.

Trude har ferie i perioden	26.06. - 21.07.
Tor har delt opp sin ferie i to periodar	03.07. - 21.07 og 31.07. - 04.08.
Romar feriere i denne perioden:	10.07. - 04.08.
Frode er sistemann ut og har ferie frå	19.07. - 11.08.

Med dette ønsker styret og administrasjonen ein riktig god sommar!

